



Terje Birkeland  
Mobergsbakken 18  
5200 OS

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 21/8931 - 22/22841

Saksbehandlar:  
Mette Robertsen  
mette.robertsen@alver.kommune.no

Dato:  
19.03.2022

## Informasjon vedr. søknad om tiltak - gbnr 443/101 Toska

Administrasjonen vil informere om følgende knytt til søknad om tiltak på - gbnr 443/101 Toska;

### Byggegrense, § 4.1.4 punkt k)

Forvaltningspraksis i kommunen har ved handsaming av søknaden vurdert at søknaden må avslåast slik den no ligg føre, fordi tiltaka slik dei er skissert krev dispensasjon. Byggegrensa er arealføremåls grensa jf. § 4.1.4. punkt k) i reguleringsplanen for Toska hytteområde plan ID nr. 1260 2018 000 800. Tiltaka slik omsøkt, ligg delvis/ og heilt utafor denne grensa.

Vidare er det administrasjonens vurdering at søknaden bør delast opp, fordi søknaden omfattar noko ulike tiltak på forskjellige stader. Ved U/N/B.01 er det slik at det er mogleg å utvide kaien noko, utan å overskride byggegrensa. Det vil i tilfelle ikkje vere naudsynt å dispensere dersom arealet som skal utvidast er innafor formåls grensa i plan. Ved tiltak på U/N/B.02 vil det vere naudsynt å søkje om dispensasjon, ettersom deler av kaien på staden synes å vere utafor grensa allereie.

Sjå vedlagt kart som syner korrekte grenser, og som må nyttast ved ny søknad om ynskjeleg.

### NVE/ Rapport. Marin leire

Når det gjeld tiltak i sjø er administrasjonen gjort oppmerksom på at det ved søknad må leggjast ved fagkyndig rapport knytt til grunnfyllhøve med omsyn til marin leire. NVE ynskjer alle søknader som gjeld tilsvarande tiltak oversendt for uttale og vurdering, for endeleg å stadfeste at det ikkje er fare for marin leire i området som omsøkt.

### Søknadsplikt for tiltak i sjø, jf. § 3.4 i Reguleringsplanen for Toska

For alle tiltak i sjø nemnes at det også skal søkjast om løyve frå Bergen Hamn Farvannsforvaltning IKS, jf. Havne- og farvannslova § 14, første ledd. Løyve frå BHF IKS skal ligge føre før tiltak kan setjast i gang.

Tiltaka krev altså to søknader som nemnt, det må følgje med søknadane ein rapport med omsyn til grunnfyllhøva på staden, og det må søkjast om løyve til Bergen Hamn Farvannsforvaltning. Søknadane må i tilfelle også nabovarslas på nytt.

Kommunen gjer tiltakshavar merksam på at det vil følge gebyr for handsaming pr. søknad, og ber om at De gjer ein tilbakemelding på om De ynskjer å sende inn nye søknader, innan 16.04.2022. Om ikkje, vil me handsama søknaden som no ligg føre slik den er.

Spørsmål til saka kan rettast til [mette.robertsen@alver.kommune.no](mailto:mette.robertsen@alver.kommune.no) / telefon 56 375643.

Med vennlig helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

Mette Robertsen  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Situasjonskart KDP  
Situasjonskart KDP  
Situasjonskart reguleringsplan  
Situasjonskart reguleringsplan

**Kopi til:**

|                     |              |      |        |
|---------------------|--------------|------|--------|
| Alfred Einar Mjelde | Selfallet 82 | 5936 | MANGER |
|---------------------|--------------|------|--------|

**Mottakarar:**

|                 |                  |      |    |
|-----------------|------------------|------|----|
| Terje Birkeland | Mobergsbakken 18 | 5200 | OS |
|-----------------|------------------|------|----|